



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til oppstartsmelding for områdeplan for Knarvik

Vi viser til brev frå kommunen datert 13.05.2019. Saka gjeld oppstart av arbeid som gjeld endring av «Områdeplan for Knarvik» med planID 1263-201002.

Føremålet med planarbeidet er å endre føresegnene slik for å sikre gjennomføring. Dette gjeld mellom anna fordelinga av krav om rekkjefølgje for utbygging og handsaming av nye bygg med tilhøyrande anlegg.

Fylkesmannen minner om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd. Fylkesmannen ser ikkje at meldinga om oppstart er i strid med nasjonale føresetnader og forventningar til arealpolitikken.

Fylkesmannen er i utgangspunktet positiv til endring av føresegn for å sikre gjennomføring. Vi vil likevel vise til at rekkjefølgjekrav er viktige for å sikre at viktige tiltak vert bygget i rett tid. I nokon tilfelle kan manglande rekkjefølgjekrav føre til at tiltak ikkje vert bygd. Rekkjefølgjekrav er ofte viktig for bygging av leikeplassar, fellesareal og gang- og sykkelveg. Fylkesmannen si vurdering er at det er viktig at endringane i rekkjefølgjekrava ikkje får negative verknadar for barn- og unge, folkehelse eller bygging av gang- og sykkelveg.

Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.

På nettsida www.miljokommune.no kan ein hente nyttige tips til planlegging.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Fylkesmannen gjerne på møte saman med kommunen, gjerne i regionalt planforum, dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet !



Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent